



DEN NORSKE KYRKJA

Stord kyrkjelege fellesråd

Stord kommune ligg sentralt i Sunnhordland, og har om lag 19.000 innbyggjarar. Fellesrådsområdet femner om Stord og Nysæter sokn, med 2 kyrkjer og Huglo bedehusapell. Dei komande åra står kyrkja føre spanande endringar og nye utfordringar. Fellesrådet er arbeidsgjevar for 14 tilsette; diakonar, kantor/kyrkjemusikar, kyrkjelydspedagogar, kyrkjegardsarbeidarar, kyrkjetenarar og administrativt personale, til saman om lag 12 årsverk. I tillegg er det 2 sokneprestar og 1 spesialprest. Administrasjonsmålet er nynorsk.

Frå 1.august 2023 er det ledig 100 % fast stilling i trusopplæringa i Stord og Nysæter.

Arbeidsområde

- Oppgåver innan trusopplæring og kyrkjeleg undervisning med eit særleg fokus på aldersgruppa 0-18 år.
- Fordelinga av oppgåver innan trusopplæring vil bli vurdert ut frå kvalifikasjonar m.m

Kvalifikasjonar

- Utdanning som kyrkjelydspedagog eller kateket.
- Søkjarar med utdanning innan kristendom, teologi og pedagogikk vil også bli vurdert.
- Erfaring med kyrkjeleg arbeid for barn og unge.
- Erfaring med å bruka IT-verktøy og sosiale medium i arbeidet.
- Den som vert tilsett, skal leggja fram tilfredsstillande politiattest jfr. Kyrkjelova § 29.
- Du må vera medlem i Den norske kyrkja.
- Personlege eigenskapar vil verta vektlagde.

Personlege eigenskapar

- Hjarte for barn og unge.
- God formidlingsevne.
- God evne til å planlegga og drifla ulike aktivitetar og tiltak.
- God relasjonsbyggjar.
- Kreativ og nyskapande.
- God evne til å arbeida sjølvstendig og under leiing/rettleiing i team.
- Evne og vilje til samarbeid.

Me kan tilby

- Utfordrande og meningsfylte arbeidsoppgåver i eit godt, tverrfagleg stabsfellesskap med kompetente og engasjerte medarbeidarar
- Fagleg og personleg utvikling
- Løn etter gjeldande KA-tariff.
- Pensjonsordning i KLP

Anna

- Tilsetjing skjer med Stord kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar og med sokna Stord og Nysæter som arbeidsområde.
- Kontorstad: Stord kyrkjekontor i Leirvik sentrum.
- Du må trivast med ein del kveld –og helgejobbing. Avspasering etter avtale.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å venda seg til einingsleiar for trusopplæringa Ingvild Baugstø Almås tlf. 997 85 312, kyrkjevevje/dagleg leiar, Liv Kari Bru tlf. 473 50 754, eller til: post@kyrkja-stord.no



DEN NORSKE KYRKJA
Stord kyrkjelege fellesråd

Søknad med kopiar av vitnemål, attestar og referansar kan sendast til

post@kyrkja-stord.no

Søknadsfrist: 01. april 2023

www.kyrkjastord.no